

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1978

Namnet på vatnet Grindsvatnet
Kommune Grindsvik

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

E I V I N D S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 16. august 1978.

Vatnet ligg i Haugesund kommune, nærare stadfest på austsida av R 500 og på vestsida av Steinsfjellet.

Arealet er omlag 25 ha. og h.o.h. 60 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men der ser jamt over ut til å vera eit grunt vatn.

Strandlina består av stein og fjell over det heile.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er ein frodig vegetasjon i vatnet og ein vil finna botn gras, brasmegras, flotgras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon i strandsona.

Nedslagsfeltet femner om kulturskog, snaumark, myr og fjell.

Hovudtilsaget fell inn i nord og kjem frå Krokavatnet. Forutan dette fell det inn fleire mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i vest til Skeisvatnet og Tornesvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8.0 m og fargen på vatnet gullig-brun som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.8 og 6.2 som må seiast å vera godt for ferskvassfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er målt til 3.0 mg/l og den totale hardheita 5.0 mg/l. Bufferemna er såleis bra samanlikna med mange andre analyserte vatn og svingningane i pH vil vera moderate gjennom året.

Elektrisk leiingsemne = 46.9

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 12 vårflugelarver, 7 fjærmygglarver, 5 muslingar og 1 vasskalvlarve - tilsaman 250 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 1 mudderflugelarve, 1 vårflugelarve og 1 fjærmygglarve - i alt 30 individ pr. m².

Mageprøver.

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver, myggpupper, muslingar, linsekreps og bythotrepes longimanus.


Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet var ein medels rik prøve der dyreplanktonet domierte.


Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, stingsild og ål. Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 67 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 30 fiskar og av desse var 7 lys-røde - resten kvite i fiskekjettet.

11 fiskar (36 %) var angripne av parasittar.

Vidare var der 19 hanfiskar og 11 hofiskar.

Medelvekta av prøvefiskane 142 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.


Alder ved vinter

1år 2år 3år 4år 5år 6år

Medellengde i cm	4.5	8.9	14.4	19.4	22.6	25.7
Årleg lengdetilvekst i cm	4.5	4.4	5.5	5.0	3.2	3.1
Antall fiskar	30	30	30	30	21	6

Medel kondisjonsfaktor = 1.00 tilseier fisk av bra kvalitet.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for auren i Eivindsvatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Eivindsvatnet ein heller dårleg lengdetilvekst og ligg under normalkurven like frå fyrste år av. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca 28 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nokre fiskar som er vesentleg større enn dette vil sikkert finnast, såkalla "jagarar". Dette er då fisk som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon i Eivindsvatnet. Vidare at vatnet er sterkt overbefolka.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse relativt gode og botnprøvene, saman med mageprøvene, syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er å finna.

Omfarfordelinga syner at det er småfisken som dominerar og 40 % av heile fangsten vart teken på det eine garnet av omf. 30.

Storparten av fisken er i dag 21-24 cm og kondisjonsfaktoren er bra. Grunnen til dette er at K-faktoren som regel alltid er høgare for små fisk enn for større fiskar og hertil kjem at gytetida ikkje var langt unna.

K-faktoren ville på ei anna årstid vore ca 0.90 - noko mager, langstrakt fisk.

Vekstkurven er ikkje så god som ynskjeleg og alt tyder på eit fiskebestand langt i overkant av det næringsforrådet skulle tilseie. Ein stor del av prøvefiskane var også angripne av parasittar - noko som er vanleg i overbefolka vatn.

Det som ofte er avgjerande for næringsforrådet, og fylgjeleg fiskebestandet i eit vatn, er nedslagsfeltet. Det er herfrå vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Nedslagsfeltet for Eivindsvatnet er relativt bra i så måte og jordsmonnet er i stand til å nøytralisere svovelstoffa i nedbøren. Dette, saman med bergartene i undergrunnen, fører til ei brukbar bufferemne og ein relativt stabil pH.

Som nemnt er fiskestorleiken og fiskekvaliteten ikkje så god som ynskjeleg og dette kjem av gode gytetilhøve i bekken frå Krokavatnet, m.fl. Kvart år vil det såleis koma store årgangar med yngel og småfisk ut i vatnet, og blir ikkje denne årlege tilveksten hausta, vil det gi seg utslag i vekststagnasjon og småfallen fisk.

Praktiske tiltak.

Vatnet ligg særstilleg til, like ved riksvegen, og med eit stort, fiskeinteressert publikum like ved. Ein bør gå i gang med sal av rimelege fiskekort for dermed å få inn nokre kroner til aktuelle kultiveringstiltak.

Vidare må ein gå til ei storstilt utfisking for å få samsvar mellom fiskebestand og næringsforråd. Då storparten av fisken vil vera godt skikka som settefisk i andre vatn, bør den i størst mogeleg

omfang fangast levande. Dette kan gjerast ved hjelp av småmaska ruser som blir plasserte ved bekkeosane om hausten. På denne måten vil ein kunna ta ut storparten av gytefisken og fylgjeleg den årgangen med yngel og småfisk som ville ha kome frå desse. Ein kan vidare gå over bekken mellom Eivindsvatnet og Krokavatnet med El. fiskeapparat på ettersumaren og helst under minimal vassføring. Yngelet, klekka om våren, vil ein då kunna ta ut og dette er prima setjefisk som er lett å transportere.

Ved å drive denne utfiskinga dei næraste åra, vil ein sjå korleis fiskestorleiken aukar og kvaliteten betrar seg.

Då ein stor del av dei større fiskane er angripne av parasittar (måkemark) må ein alltid grava fiskeslo og anna fiskeavfall for-svarleg ned, slik at ikkje måken får tak i dette.

I det heile er Eivindsvatnet oversikteleg og fiskebestandet relativt lett å halde under kontroll.

Ved å gjennomføre dei tiltaka som her er peika på, skulle ein innan få år få eit bra sportsfiskevatn, og mange er sikkert dei som vil prøve fiskelukka si nettopp her.

Om ynskjeleg vil underskrivne vera hjelpesam med å setje dei tiltaka som er peika på ut i livet.

Stavanger 15. februar 1979

Einar Berg.